

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Personal og økonomiutvalet	
Møtestad:	kommunestyresalen	
Møtedato:	15.11.2004	Tid: 08.00-14.00
	16.11.2004	08.00-15.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, kommunekasserar Eikestad og Ass.adm.sjef Våge

Merknader: 15.11.04 kom Jon Magne Bogevik kl. 8.35.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 24. november 2004

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokoll vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Bright Olav Gåsdal viste til møte om energiforsyning som var i førre veke. Han hadde ikkje hatt høve til å gå på møtet, men hadde lest utarbeidd rapport som var lagt ut på nettet. Det var fleire interessante drøftingar. Han ba om tilbakemelding på om kommunen hadde klart å fylgja opp den del av tidlegare fastsette mål om å få opp bruken av alternative energikilder som t.d. vannboren varme.

Det vart vist til drøftingane om dette tema i samband med tilrettelegging av bustadfeltet på Lønnebakken der det var eit ønskje frå naturutvalet at det skulle leggjast til rette for felles uttak av miljøvennlege energikjelder. Dette måtte ein gå bort frå sidan det vart sett særleg fokus på å få ned tomtekostnadane. I samtale med tomtekjøparane har spørsmål om alternative energiformer vore tekne opp, og det viser seg at det er svært mange av nybygga som vert lagt til rette for bruk av fleire type oppvarming.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Kommunen har fått til uttale fylkesplan. Det vart bestemt at det skulle veljast ein person frå personal- og økonomiutvalet, utval for oppvekst og omsorg og naturutvalet som skulle førebu sak for kommunestyret. Bright Olav Gåsdal vart vald frå PØ. Administrasjonen stiller med sekretær.

Det vart gjennomført drøftingar om ny løn for adm.sjef og ass.adm.sjef i samsvar med tariffavtalen. Ny løn med verknad frå 01.05.2004 for adm.sjef vert kr 455.000 og for ass. adm.sjef 435.000.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0026/04	04/00289 BUDSJETT 2005.
0027/04	04/00430 ØKONOMIPLAN 2005 - 2008
0028/04	04/00178 TILSYN BARNEVERNTENESTE ENDRING I DELEGASJONSREGLEMENTET

0026/04

BUDSJETT 2005.**Handsaming i møte:**

Utgangspunktet for drøftingane i utvalet var administrasjonssjefen sitt utkast til usaldert budsjett dagsett 01.11.04 med framlegg til innsparingar og kommentarar.

I møtet vart Samnanger kyrkjestyre sitt budsjettframlegg delt ut.

1. dag vart budsjettframlegget frå administrasjonssjefen lagt fram og drøfta.

2. dag sette følgjande representantar fram følgjande framlegg:

Fellesframlegg frå BL, Ap og Krf ;

”Administrasjonssjefen sitt framlegg vart vedteke med desse endringar:

	Utgift redusert	Utgift auka	Inntekt auka
Statleg rammetilskot			372.000
Nordbygda skule – korrigert klassetal	245.000		
Delingstimar skulane	250.000		
Samordna vakt teknisk eining	110.000		
Samordna delar av legevakt	150.000		
Utsett oppstart basseng	155.000		
Redusert løyving veglys	100.000		
Omlegging SFO	148.000		
Løyving til krisenter for mishandla kvinner		5.000	
Korrigerer funksjon politikarar		70.000	
Delfinansiert bilordning open omsorg		50.000	
Seniorpolitisk plan verknad frå august		70.000	

Tidlegare avsette midlar i samsvar med liste av 15.11.2004 vert dregne inn og nytta til saldering av driftsbudsjett, samla kr 134.000.”

BL v/ Helge Reistad:

”Møtegodtgjersle knt. 1.1000.1000.0830 vert redusert med kr. 87.000 til kr. 28.000”

Ap v/Brigt Olav Gåsdal:

” I samband med innføring av seniorpolitisk plan for kommunalt tilsette, vert lønsbudsjettet auka med kr. 70.000 for å dekkje kostnader som følgje av tiltak i planen. Samstundes vert tidspunkt for iverksetjing sett til 01.08.05.”

Krf v/Marit Aase:

“Leasing av fleire bilar til kommunalt tilsette må skje gradvis (sjå Adm.utv. vedtak 005/04). For 2005 leaser Samnanger kommune 2 nye bilar til PLO.

Finansiering: kr. 50.000 som tilleggsløyving

Kr. 50.000 omdisponert frå eige budsjett i PLO

Dei individuelle avtalane m/kompensasjon på kr. 7.500 pr. år for dei som ikkje nyttar tenestebil går ut.”

Frp v/Jon Magne Bogevik:

” Administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjett med tillegg av desse endringane:

Vegvedlikehald herunder brøyting vert sett ut på prisanbud med fylgjande innsparingar:

- Brøyting	kr 100.000
- Teknisk sjef	kr 500.000
- Vaktordning vassverk	kr 110.000
- Veglys	kr 100.000
- Feiing	<u>kr 0</u>
sum teknisk eining	kr 810.000
- Sentraladministrasjonen/fellestenesta	kr 218.000
- SFO	kr 148.000
- Auka statleg rammetilskot	<u>kr 372.000</u>
Sum reduksjonar/auka inntekt	kr 1.548.000
Sal av Unimog og traktor	kr 350.000
Avsett til tilleggsøyvingar	kr 429.000

Vortering:

Det vart først røysta over fellesframlegget, som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Deretter vart det røysta for Reistad sitt framlegg, som fekk 1 røyst, 4 røysta mot, og det vart dermed ikkje vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegget frå Gåsadal, som vart samrøystes vedteke, og Aase sitt framlegg som vart vedteke med 4 mot 1 røyst.

Til slutt vart det røysta over Bogevik sitt framlegg som fekk 1 mot 4 røyster, og vart ikkje vedteke.

Til aller slutt vart det røysta over driftsbudsjettet 2005 med dei vedtekne endringane, som vart vedteke med 4 røyster mot 1 røyst.

Til kapitalbudsjettet for 2005 vart det sett fram fellesframlegg, likelydande år 2005 i økonomiplanen (sjå sak. 027/04.).

Kapitalbudsjettet for 2005 vart samrøystes vedteke med unnatak av tiltak traktor som vart vedteke med 4 mot Frp si røyst.

Vedtak:

Kommunestyret vedteke budsjettet for 2005 som ligg føre med følgjande endringar:

Tiltak	Utgift redusert	Utgift auka	Inntekt auka
Statleg rammetilskot			372.000
Nordbygda skule – korrigerert klassetal	245.000		
Delingstimar skulane	250.000		
Samordna vakt teknisk eining	110.000		
Samordna delar av legevakt	150.000		
Utsett oppstart basseng	155.000		
Redusert løyving veglys	100.000		
Omlegging SFO	148.000		
Løyving til krisenter for mishandla kvinner		5.000	

Korrigeringsfunksjon politikarar		70.000	
Delfinansiert bilordning open omsorg		50.000	
Seniorpolitisk plan verknad frå august		70.000	

Tidlegare avsette midlar i samsvar med liste av 15.11.2004 vert dregne inn og nytta til saldering av driftsbudsjett, samla kr 134.000.”

Seniorpolitisk plan;

I samband med innføring av seniorpolitisk plan for kommunalt tilsette, vert lønsbudsjettet auka med kr. 70.000 for å dekkje kostnader som følgje av tiltak i planen. Samstundes vert tidspunkt for iverksetjing sett til 01.08.05.”

Leasingbilar;

Leasing av fleire bilar til kommunalt tilsette må skje gradvis (sjå Adm.utv. vedtak 005/04). For 2005 leaser Samnanger kommune 2 nye bilar til PLO.

Finansiering: kr. 50.000 som tilleggsøyving

Kr. 50.000 omdisponert frå eige budsjett i PLO

Dei individuelle avtalane m/kompensasjon på kr. 7.500 pr. år for dei som ikkje nyttar tenestebil går ut.

Kapitalbudsjettet 2005 vert vedteke slik det går fram av økonomiplanen for 2005, sak 27/04.

0027/04

ØKONOMIPLAN 2005 - 2008

Handsaming i møte:

Økonomiplanen vart drøfta og det vart lagt fram eit fellesframlegg til kapital budsjettet 2005-2008, som vart vedteke samrøystes med unnatak av at Frp røysta imot kjøp av traktor.

Det vedteke driftsbudsjettet for 2005 vart lagt til grunn for økonomiplanperioden, korrigert for nye tiltak som følgjer av kapitalbudsjettet.

Til slutt vart røysta over økonomiplanen, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

ØKONOMIPLAN SAMNANGER KOMMUNE 2004 - 2008

HOVEDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

TEKST	KOSTRAART	2004	2005	2006	2007	2008
Driftsinntekter						
Brukerbetaling	600-619	4 604	4 619	4 619	4 619	4 619
Andre salgs- og leigeinntekter	620-679	8 600	6 238	6 238	6 238	6 238
Overføring med krav til motytingar	700-779	7 864	7 650	7 650	7 650	7 650
Rammetilskot frå staten	800	29 392	29 309	29 309	29 309	29 309
Andre statlege tilskot	810-819	3 556	3 405	3 405	3 405	3 405
Andre overføringar	830-859/880-899	750	1 600	1 600	1 600	1 600
Inntekts og formueskatt	870-873	41 372	42 734	42 734	43 558	43 558
Eigedomsskatt	874-876	4 164	3 734	3 734	3 734	3 734
Andre direkte og indirekte skatter	877-879	650	730	730	730	730

Sum driftsinntekter		100 952	100 019	100 019	100 843	100 843
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	010-089+(160-169)	54 637	55 798	56 023	56 373	56 673
Sosial utgifter	090-099	13 613	15 393	15 468	15 525	15 565
Kjøp av varer og tj. Inngår i prod.	100-289-(160-169)	12 262	10 897	10 897	10 897	10 897
Kjøp -v. og tj. som ertatter eigenprod.	300-399	6 264	3 041	3 188	3 188	3 188
Overføringar	400-490	8 145	7 799	7 799	7 799	7 799
Avskrivningar	590	4 324	4 338	4 338	4 338	4 338
Fordelte utgifter	690-699 med fl.					
Sum driftsutgifter		99 245	97 266	97 713	98 120	98 460
Driftsresultat		1 707	2 753	2 306	2 723	2 383
Finansinntekter						
Renteinntekt og utbytte	900-909	450	596	596	596	596
Mottekne avdrag på lån	920-929	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansinntekter		500	646	646	646	646
Finansutgifter						
Renteutgifter og låneomkostn.	500-509	3 560	3 495	1 821	1 626	1 489
Avdrag på lån	510-519	3 584	3 609	4 139	3 564	3 611
Sosial- og næringslån	520-529	50	50	50	50	50
Sum eksterne finansutgifter		7 194	7 154	6 010	5 240	5 150
Resultat eksterne finanstransaks.		-6 694	-6 508	-5 364	-4 594	-4 504
Motpost for avskrivningar	990	4 324	4 338	4 338	4 338	4 338
Res. Før int. transaksj.(netto dr.res)		-663	583	1 280	2 467	2 217
Interne finans transaksjonar						
Bruk av udisponert frå tidl. År	930	1 300	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	940-947	69	203	69	69	69
Bruk av bundne fond	950-959	200	200	200	200	200
Bruk av likviditetsreserve	960		0	0	0	0
Sum av avsetningar		1 569	403	269	269	269
Overført til kapitalrekneskapen	570		0	563	1 500	1 000
Avsatt til dekking frå tidl. År (underskot)	530		0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	540-547		0	0	250	500
Avsett til bundne fond	550-559	906	986	986	986	986
Avsett til likviditetsreserven	560		0	0	0	0
Sum avsettingar		906	986	1 549	2 736	2 486
Udisponert (overskot)	580		0	0	0	0
til dekking seinare år (underskot)	980		0	0	0	0
Resultat etter interne finanstransaksjonar		0	0	0	0	0

Kapitalbudsjett for Samnanger kommune 2005-08.

Tiltak	Finansiering	2005	2006	2007	2008
Basseng		5850			
Momsref.	1200				
Statstilskot	1300				
Lån (skulelån)	3250				
Barnehage –planlegging		400			

Bruk av fond	400				
Barnehagebygg		1000	3000		
Ekstern lån	4000				
Ytre Tysse:					
- kloakk		1 000			
- tiltak		500	500	500	
bruk av fond	750				
bruk av næringsfond	500				
lån	1250				
Traktor		953			
Sal av utstyr	400				
Internt lån av fond	553				
Opprusting skular		3 000			
skulelån	3 000				
Veglys bustadfelt					
Rolvsvåg		50			
Kapitalfond	50				
Vassverk					
Driftinnstruks		180			
Pumpestasjon Ytre Haga		300			
Tilknytingsavgift – overført frå drifta	50				
Eksternt lån	430				
Bustad m.m. – funksj					
- planlegging		300			
- bygging			?		
bruk av fond	300				
Industriområde Rolvsvåg		100			
Bruk av næringsfond	100				
Bjørkheim planlegging					
Bruk av næringsfond	100				
Kyrkja					
- reidskapshus					
- bårehus		30			
- brannsikring					250
bruk av kapitalfond	280				
Bygningsvedlikehald				1 000	1000
Bruk av fond/driftbudsj	2000				
Vegvedlikehald			500	500	
Overført frå driftsbudsj.	1000				

0028/04

**TILSYN BARNEVERNTENESTE
ENDRING I DELEGASJONSREGLEMENTET**

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Pkt. 10.1.67 i delegasjonsreglementet vert endra til følgjande:

10.1.67 Lov om barneverntenester av 7 juni 1992 nr. 100

Administrasjonssjefen nemner opp sosialeininga til administrasjon for barnevernet. Leiar av sosialeininga er øvste leiar for barneverntenesta”

Vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek at Pkt. 10.1.67 i delegasjonsreglementet vert endra til følgjande:

10.1.67 Lov om barneverntenester av 7 juni 1992 nr. 100

Administrasjonssjefen nemner opp sosialeininga til administrasjon for barnevernet. Leiar av sosialeininga er øvste leiar for barneverntenesta.